Hjelmeland idrettslag

Årsmelding hovudstyret 2022

Styret 2022

Leiar	Torborg Kleppa
Nestleiar	Jan Robert Nijmeijer
Kasserar	Anders Sie
Sekretær	Siri Kyrkjeeide
Leiar handballgruppa	Elisa Hanf
Leiar ski- og trimgruppa	Jofrid Hia
Leiar fotballgruppa	Jarle Mjølhus
1. vara	Grunde Arnesen
2. vara	May Linn Mæhle

Medlemmer i idrettslaget 322.

Møter

Hovudstyret har hatt totalt 6 styremøte i 2022.

Årsmøtet blei gjennomført 28. mars 2022 i Klubbhuset på Hjelmeland.

Leiar/andre representantar frå idrettslaget har hatt fleire kontaktmøte med Hjelmeland kommune. Leiar har også delteke på felles kontaktmøte mellom kommune og lag og organisasjonar i Hjelmeland.

Aktivitet

- Fisterløpet - 26. mai
- Helgøyløpet - 18. juni
- Viglesdalsløpet - 19. juni
- Hjelmeland Sparebank cup - 27. - 28. august
- Full Fart - 27.-29. juni for 3.-7. klasse
- Fotballskule - 23. og 24. juni for 4.-7. klasse
- Fleire lag reiste på Etnecup, Kattegatcup og Kongeparkencup
- Lauvåsen Opp - 9. okotboer

Etter haustferien er det blitt starta opp med basketballtrening for ei gruppe 13 – 15 år. Greg Stangelo er trenar for denne gruppa.

Me viser elles til gruppene sine årsmeldingar.

Penneo Dokumentnøkkel: SDGNK-8HWVL-HV8KG-QYJ8W-SUXOB-A2D17

Saker me vil framheva

Dugnadsarbeidet i forbindelse med Ryfest

83 personar stilte til dugnad for Ryfest i 2022, og jobba tilsaman 359,5 timar dugnad. I tillegg kjem styret sin jobb med administrasjon og planlegging av dugnaden. Mykje jobb, men god innsats av frivillige, som gjer oss gode pengar i kassen som me kan bruke på utøvarane våre!

Ny kunstgrasbane i Årdal

Den nye kunstgrasbana vart opna 8. desember. Ein iskald desemberdag. Gamle Årdal IL sitt A-lag frå 1974 stilte til kamp mot barn frå Årdal. Snora blei klipt av ordførar, og det var helsingar til og frå både prosjektleiar i kommunen, entrepenøren - Stangeland Maskin, og idrettslaget. Sparebanken Vest overrakte ein gåvesjekk til idrettslaget på heile 700 000 kr. Hjelmeland kommune spanderte kake på alle mann.

Banen er eit samarbeid mellom Hjelmeland kommune og idrettslaget, der idrettslaget har bidratt med midlar og arbeid til ein verdi av 1, 7 mill. kr.
Me fekk inn sponsorbidrag til for ein samla verdi på kr. 1 550 000, i tillegg til at fleire lokale bedrifter bidrog med tenester (sjå lista nedanfor) Mange frivillige la dessutan ned ein imponerande dugnadsinnsats.
Idrettslaget held fram arbeidet med å sluttføra heile anlegget som også skal innehalda ein pump-track.

Sponsor	Beløp
Mowi Norway ASA Region Sør	75 000
Sparebankstiftelsen SR-bank	250 000
Sparebanken Vest	700 000
Hjelmeland Sparebank	100 000
Norstone – verdi massar	215 000
Hjelmeland Bygg	25 000
Strand Bygg	10 000
Ryfylke Trelast	25 000
PG Installasjon	25 000
Stangeland AS	25 000
Fiskå Maskin	25 000
Årdal Landbruk	25 000
Fiskå Mølle	25 000
Partner regnskap AS	25 000
SUM	**1 550 000**

Oddbjørn Ullestad, Ullestad Dekk & service, og Gausland transport har bidrege med utgraving og bortkøyring av massar.

Penneo Dokumentnøkkel: SDGNK-8HWVL-HV8KG-QYJ8W-SUXOB-A2D17

Ope Klubbhus
Me har tilsett ein person i 40 % stilling, som jobbar tysdag og torsdag ettermiddag med «Ope Klubbhus» for barn og unge i 5. – 10. klasse. Tilbodet blei starta opp i september.
Her er mange ungar kvar veke og dei fleste som kjem går i 5. – 7. klasse. Dei får tilbod om å gjera lekser, spele, lage seg mat og anna.
Stillinga er førebels ei prosjektsstilling for eit år.
Stillinga er finansiert med tilskotsmidlar frå Sparebank-stiftinga SR-bank, Gjensidige-stiftinga, Buf-dir og frå Hjelmeland kommune.

Tilskotsmidlar elles
Idrettslaget har inngått avtale med Hjelmeland kommune om eit årleg driftstilskot. For 2021 - 2023 er tilskotet på kr. 150 000 i året.
Me søkte om tilskot frå Frivilligfondet til **kommunen** til mål og gjerde til den nye 7er grasbanen på Hjelmeland, og fekk 60 000 kr .

Medlemsregister
Idrettslaget har i løpet av 2022 skifta system for medlemsregister, og har nå tatt i bruk Norges Idrettsforbund sitt system - Klubbadmin.
Det er alltid litt tilpassingar som må til i samband med skifte av system, slik at ein har måtta bruka ein del tid på dette. Dette systemet, til likt med andre system for elektroniske medlemsregister, legg opp til at medlemmene sjølv skal registrera seg som medlem, og vedlikehalda person og kontaktopplysningar. Vår erfaring er at dette tek tid før dette er godt implementert i laget. Det har nok medført at me ikkje har nådd alle me krav om medlemskontigent.
Klubbadmin har likevel gode system for utsending av faktura, og nye medlemmer betalar kontingent ved innmelding. Slik sikrar ein både rette opplysningar og innbetalt kontingent frå starten av. Styret håpar på at ein nå har kome i land med eit system for medlemsregistering, som kan fungera godt og etter kvart letta arbeidet med innkreving av kontingent.

Sponsor

Idrettslaget har i 2022 avtale med 15 ulike sponsorar om ein fleirårig sponsoravtale, med eit samla sponsorbeløp på 695 000. Dei to klart største sponsorane er Hjelmeland Sparebank og MOWI, som begge har støtta idrettslaget over fleire år. Idrettslaget er veldig glade for det gode samarbeidet med har med desse to, og med alle dei andre sponsorane. Dette gjer at dugnadsinnsatsen til medlemmene og foreldre i stor grad kan nyttast til trening og arrangement, og i mindre grad knytt til arbeid med å skaffa inntekter til laget.

Penneo Dokumentnøkkel: SDGNK-8HWVL-HV8KG-QYJ8W-SUXOB-A2D17

Økonomi

Idrettslaget har om lag 2,1mill. (1,5mill i fjor) i driftsinntekter, og driftskostnadar på om lag 2,1 mill (1,2mill)., og eit årsresultat på kr 13 919 (kr 267 603). Eigenkapital på kr 3,6 mill (3,6 millionar). Gjelda er på 0,4 mill (0,6 mill), og samla bankinnskot på litt over 0,7mill. (1,02mill). Det er nedbetalt 0,2 mill. i lån på klubbhus. Dette går fram av årsrekneskapet.

HIL hadde god likviditet i 2022. Årsresultatet er prega av høgare aktivitet med auke i driftsinntekter og driftskostnader.

Hjelmeland, den 13. mars 2023

Torborg Kleppa	Jan Robert Nijmeijer	Anders Sie	Siri Janne Kyrkjeeide
Jarle Mjølhus	Elisa Hanf	Jofrid Hia	

Penneo Dokumentnøkkel: SDGNK-8HWVL-HV8KG-QYJ8W-SUXOB-A2D17

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Jofrid Hia
Styremedlem
Serienummer: 9578-5997-4-328074
IP: 79.161.xxx.xxx
2023-03-13 12:32:07 UTC
bankID

Torborg Kleppa
Styreleder
Serienummer: 9578-5995-4-123531
IP: 79.161.xxx.xxx
2023-03-13 13:15:53 UTC
bankID

Siri Janne Mælen Kyrkjeeide
Styremedlem
Serienummer: 9578-5994-4-540503
IP: 79.161.xxx.xxx
2023-03-13 13:36:50 UTC
bankID

Anders Sie
Styremedlem
Serienummer: 9578-5997-4-343884
IP: 77.16.xxx.xxx
2023-03-13 14:13:40 UTC
bankID

Elisa Hanf
Styremedlem
Serienummer: 9578-5995-4-727273
IP: 80.213.xxx.xxx
2023-03-13 14:33:35 UTC
bankID

Jan Robert Nijmeijer
Styremedlem
Serienummer: 9578-5995-4-3989396
IP: 88.94.xxx.xxx
2023-03-13 16:20:12 UTC
bankID

Jarle Mjølhus
Styremedlem
Serienummer: 9578-5997-4-396826
IP: 88.91.xxx.xxx
2023-03-14 06:37:42 UTC
bankID

Penneo Dokumentnøkkel: SDGNK-8HWVL-HV8KG-QYJ8W-SUXOB-A2D17

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validator**